

Til ny representant for skogdirektør, dr. Alf Langsæter, som hadde frasagt seg gjenvalg, ble enstemmig valgt direktør Ivar Aavatsmark, Smestad, og istedenfor gårdbruker Arne Lie, som også hadde frasagt seg gjenvalg, ble enstemmig valgt gårdbruker Lars Lie, Levanger. Til ny representant med funksjonstid 1 år istedenfor landbrukskjemiker O. Braadlie, som er avgått ved døden, ble enstemmig valgt gårdbruker Nils Berg, Byåsen. Gjenstående medlemmer av representantskapet er:

Bestyrer Wilhelm Aasli, Bjørkelangen.
Fabrikkeier Lars Gjein, Stokke.
Gårdbruker Arne Brynildsen, Idd pr. Halden.
Fylkesagronom Henry Oma, Stend.
Bonde Erland Nordhagen, Nes i Hållingdal.
Landbruksdirektør Aslak Lidtveit, Oslo.
Bonde Magnus Folkvord, Sandnes.
Konsulent Reidar D. Tønnesson, Blommenholm.

Fra Trøndelag Myrselskap, som velger 2 medlemmer til representantskapet i Det norske myrselskap, møtte gårdbruker Nils Berg, Byåsen og ingeniør Th. Løvlie, Sandvika.

Foredragsmøtet.

Tirsdag den 2. mars arrangerte Myrselskapet, sammen med en rekke selskaper og institusjoner, et heldagsprogram med emne: *Skog, dyrka jord, veger eller tomter* med i alt 5 innledere. Statssekretær Ingvald Ulvseth redegjorde for *Lovverk og offentlig planlegging*, fylkeslandbrukssjef Modolf Sjøgard og skogeier Mads K. Strand om *Jord- og Skogbruksinteressene*. Videre holdt kontorsjef Bjørn Unneberg foredrag om: *Hva legger områdeplanleggeren vekt på?*, og forsøksleder Ola Einevoll om *Nytten av økonomisk kartverk*. Bonde Jan E. Mellbye og fylkesskogsjef Knut Ødegård var møteledere. Over 600 mennesker var til stede på møtet, som ble holdt i Samfundshuset, Torggata 17, Oslo.

NYTTEN AV EIT ØKONOMISK KARTVERK

Av kartsjef Ola Einevoll.

Samandrag av foredrag holdt under Landbruksveka 1965.

I mai 1964 vedtok Stortinget retningslinjer for oppretting av eit økonomisk kartverk. Før vi fekk dette Stortingsvedtaket, særleg dei siste 10—15 år, har det gått føre seg ei betydeleg kartlegging her i

landet i økonomisk målestokk. Rådet for økonomisk kartverk la fram ein landsplan for økonomisk kartverk i 1962, denne ligg til grunn for Stortingsvedtaket der staten tek ansvaret og kostnaden for ein stor del av arbeidet med oppretting av det økonomiske kartverket. Etter denne planen er det rekna med å kartlegge ca. 135 000 km² her i landet, dvs. ca. 40 % av landarealet i løpet av 15 år.

Nytten av eit kartverk er avhengig av utforminga, innhald og utstyr. Det økonomiske kartverket som vart oppretta i 1940-50 åra her i landet var ikkje fullstendig nok for fleire viktige formål. Dette kan for ein del koma av at kartverk oppretta på fotogrammetrisk grunnlag lett måtte bli prega av kartleggingsmetoden.

Kartet har sitt opphav i å få gi eit bilde av landarealet. Dette er også i dag hovudregelen for mange slags kart og kartarbeid. For kart i stor målestokk, t. d. det økonomiske kartverket, som i første rekkje skal tene ei konkret planlegging, bør det også stillast andre krav. Eit kart som i hovudsaka skal tene praktisk planlegging bør også i stor monn formast etter krav frå planleggarane.

Prøver og drøftingar av innhald og utstyr av det økonomiske kartverket dei siste åra har ført til ei betydeleg endring i det tidlegare opplegg. *Nett i desse dagar vil det første kart etter dei nye retningslinene føreligge trykt.* Dei som har fylgt dette arbeidet på nær hald vil kjenne til at det ikkje har vore lett å tilfredsstille alle ynskjer i utforminga av kartverket.

Uttrykket økonomisk, reiser krav om at kartverket burde vise det viktigaste av økonomisk karakter. Her kan ein t. d. nemne ferdselsårar og busetnad, andre tekniske anlegg, eigedomsforhold, arealbruk og vilkår for landbruk. Det siste burde ikkje vere det minst viktige for eit kartverk med kjennemerka «økonomisk» og som for 90 % vil omfatte areal som skal brukast i landbruket, jordbruk og skogbruk.

Dette kartverket, slik det nå blir, vil verte det viktigaste grunnlag for den praktiske arealplanlegging, frå generalplanar for heile bygder til driftsplanen på dei einskilte bruk. Dette kartverket, målestokk 1:5 000 med fullstendige eigedomsgrenser og markslagsgrenser, vegnett o. a. vil verte det mest detaljerte kart for bygdene på lang tid framover, sjøl om ein venteleg kan rekne med at det også vil bli aktuelt med kart i større målestokk, t. d. 1:2 000. Arealer som vil bli regulert for utbygging vil få kart i større målestokk 1:1 000. Og når landbruket framleis i lang tid skal nytte 90 % av dei areal vi nå kartlegg, bør omsynet til dette telje sterkt med ved opplegget av kartverket.

Som grunnlag for driftsplanar på mindre bruk, kunne ein ynskje ein større målestokk enn 1:5 000. Dette kan ein i noko monn avhjelpe ved forstørring av kartet. Men for skogbruket, som steller med det største arealet, bør dette kartverket redusere kostnaden med utarbeiding av driftsplanar betydeleg, ned mot det halve. Forsøk

med dette er i gang i samarbeid med Institutt for skogtaksasjon ved Norges Landbrukshøgskole.

Under denne produksjonsplanlegginga i landbruket kjem planar for jorddyrking, grøfting, kanalisering og anna jordkulturarbeid i jordbruket og skogbruket, skogreising og anna skogkulturarbeid, planlegging av driftsveggar osv. Vidare kan ein nemne jordskiftearbeidet, arbeidet med den ytre rasjonalisering, planar for friluftsførmål som ein del av landbruket osv.

For emnet *i dag har arealklassifikasjonen på kartverket kanskje* størst interesse. Det arbeidet som ventar og som det hastar med mange stader, å få oversiktsplanar for utnytting av grunnen, har vore eit av dei viktigaste argument for å få dette kartverket.

Særleg for den økonomiske planlegging, t. d. avgjere korleis dei einskilde areal skal nyttast, er eit mål for vilkåra jordbruk og skogbruk viktigare enn berre å vite korleis arealet nå er brukt. Arealklassifikasjonen som også skal gi grunnlag for oppretting av eit jordregister, er lagt opp slik at ein på kartet kan finne kva som er fulldyrka jord, kva som er barskog, blandingsskog og lauvskog, myr o. a. Dette er av betydning, men for planar for langsiktig disponering vil ei inndeling etter korleis arealet er skikka for maskinell drift, kva vi har av god dyrkingsjord og kva produksjonsevne det er i skog, ha større verdi. Å vite om skogen produserar 0,2, 0,7 eller 1,2 m³ pr. dekar og år er viktigare enn å vite om det i dag er barskog eller lauvskog.

Eg vil her nytte høvet til å seie frå at arealklassifikasjonen på kartet er ei registrering av eksisterande forhold, slik som det øvrige kartinnhald. Klassifikasjonen skal gi eit grovt mål for eksisterande arealutnytting og vilkår eller ressursar for landbruket, og vil lette arbeidet med arealutnyttingsplanane, både for heile bygder og dei einskilde bruk. Men ved utforming av ei plan kjem også mange andre faktorar enn arealforhold inn t. d. både grunneigarinteresser og generelle samfunnsinteresser.

Det er stadig snakk om å hindre at dyrka jord vert brukt til byggegrunn. Dersom vi ikkje skal slå beina under argumentasjonen for dette, bør vi også ta med dyrkingsjord av god kvalitet, for dyrkingskostnaden utgjer ikkje alltid så stor del av tomtepris og skilnad i byggekostand frå eit areal til eit anna. Kravet om å sikre grunnlag for landbruk i framtida bør her vere avgjerande, og tilseier at ein også bør ta med god skogsmark sjøl om vi der har relativt store areal i forhold til behovet for byggegrunn.

Det fylgjer ein god del snakk om at vegane tek bort verdifulle areal for landbruket. Dette er sant nok. Men samanlikna med den øvrige byggegrunn er dette lite, og eg trur det er lettare å spare verdifulle jordareal ved nye linjer i lokaliseringa av byggefelt. Det uheldige er at også gjennomgangsvegar i stor monn er lokaliseringsfaktor for enkelttomter, at så snart vegen er der kjem også byggefeltene på sidene av vegane.

Det økonomiske kartverket gir eit godt grunnlag for landbruket, jord- og skogbruk, til å begynne å forme sine generalplaner, og at desse planane bør bli tilgjengeleg for andre planleggingsinstanser så snart som mogeleg.

DET FAGLIGE APPARAT FOR JORDLOVSARBEIDET MÅ STYRKES

Av fylkeslandbrukssjef M. Sjøgard.

Kort sammendrag av foredrag holdt under Landbruksveka 1965.

I vårt arbeid med jordlovssakene ser vi stadig behovet for en plan for disponeringen av landbruksarealene, sa fylkeslandbrukssjef Modolf Sjøgard på et diskusjonsmøte om skog, dyrka jord, veger eller tomter under Landbruksveka i Oslo.

Registreringsarbeidet av arealer i Aust-Agder ser ut til å ha virket bra, sa taleren, som ellers kom inn på utbyggingsplanene i Forusområdet og Husnessaken i Hordaland. Fra sitt eget fylke, Nord-Trøndelag, hadde han også ferske eksempler på nødvendigheten av at disse spørsmålene blir tatt opp systematisk, og at landbruksinteressene slippes inn på *et tidligst mulig trinn i planleggingen*.

Han mente også at jordloven i sin nåværende form er lite tilfredsstillende i den relasjon det her er tale om. I loven skilles det bl. a. ikke mellom tilplanting med skog og det å ta et område ut av produksjonen for all framtid ved å legge det ut til veier, tomter, idrettsbaner o. l.

Etter gjeldende lov og de foreliggende opplegg, er det forutsetningen at landbruksmyndighetene til en viss grad skal tas med på råd når det gjelder arealdisponeringssaker i sin alminnelighet. Men det må vel innrømmes at det i mange tilfeller har vist seg at resultatene ikke har vært tilfredsstillende sett ut fra et landbrukssynspunkt. Når det er blitt slik, er det først og fremst fordi landbruksmyndighetene, fylkeslandbruksstyret, i alt for høy grad er blitt negativ part i denne samfunnsutbygginga som vi jo alle er interesserte i.

Sjøgard kom ellers inn på de arealer som årlig beslaglegges til ulike formål, og fortsatte:

Teoretisk skulle det være god plass her i landet. Jordbruksarealet utgjør bare godt og vel 3 % av vårt lands totale areal på 310 000 km². Her kommer imidlertid det forhold inn som gjør at kommunepolitikerne har vist så liten forståelse når det gjelder jordbruksinteressene i denne sammenheng, nemlig hensynet til kostnadene. Som regel er dyrkajorda sentralt beliggende, og den gir også en billig byggegrunn.